

På garden Gjesdal blei dette åkle registrert. Det er eit stripeåkle med mønsterborder i ringvend. Renningsa er i ull, handspunne og plantefarga. Innslaget er i ull og bomull. Storleik: 1,66 x 1,28 m. Alle foto i denne artikkelen er ved Ragnhild Oftedal.

# VEVNADER FRÅ GJESDAL

## Ragnhild Oftedals registreringar

MÅLFRID GRIMSTVEDT

Jærmuseet tek vare på historiske minne av mange slag. Frå Gjesdal har me fått fire ringpermar med fotografi og opplysningar om vevnader som er i privat eige. Ragnhild Oftedal har samla dette. Registreringane gjev oss verdfull kunnskap om lokale husflidstradisjonar. Me gir her ein kort presentasjon av materialet og vonar at andre kan bli inspirerte til å søka fram meir kunnskap om vevtradisjonar på Jæren. Materialet blir presentert slik Ragnhild Oftedal sjølv har ordna det. Me har lagt til ein del allmenne kommentarer om tekstilhistorie og dei ulike typer av vevnader.

Ragnhild Oftedal f.1898-d.1978 vaks opp i Oftedal. Ho gjekk på Voss landsgymnas og lærarskulen på Stord. Ho var lærar både på Stord og i Klepp. Sidan budde ho mange år heime i Oftedal der ho viste stor interesse for lokalhistoria. Ho har bl.a. skrive om Ludvig Lima og det første ullspinneriet i Oftedal. I 1960 åra og fram til 1975 registrerte ho gamle åkle og andre heimeovnne tekstilar fra Gjesdal. Ho tok bilete og skreiv ned det folk visste om kven som hadde vove tekstilene. Desse registreringane, 60 i talet, blir nå tekne vare på av Jærmuseet. Dei viser noko av breidden i det gjesdalkvinnene laga. Det var meir enn å veva vadmål for salg. Dette er først og fremst vevnader til eige bruk.

### Tekstilar i bustadhus

Tekstilar har lange tradisjonar i innreiding av bustadhus. I mellomalderen pynta dei stovene med *tjeld* og *refil* til høgtid og fest. Tjeldet var langt og smalt. Det hang langs veggen over benken for å verne mot kulde og væte. Refil var ei ganske smal strimmel

(5–10 cm) som hang ovanom tjeldet. Det var gjerne pryda med bilete.

Både tjeld og refil var teppe som hang horisontalt. Men på 16- og 1700 talet fekk ein tepper i høgdeformat. Finast av denne type tepper var teppene laga i *bilettev*: Jomfrutepper på Austlandet og Vestlandet, og *ruteåkle* som ein finn på Sørlandet og Vestlandet. Ruteåkle er blitt laga i bygdene frå Mandal og Setesdal i sør til Sunnmøre i nord. Dei eldste bevarte ruteåkleda er frå 1600 talet. Men motiv og teknikk tyder på at dei alt dengong bygde på gamle tradisjonar. Ser me utover landegrensene så finn me ruteåkle i Sverige, i Skåne. Men mönstringa er der annleis enn dei norske.

Åkle betyr overbredsle på ei seng. Den eldste forma for overbredsle var skinnfellen, med ulla på. Etterkvart blei skinnfellen erstatta av åklet, eller ein brukte skinnfell om vinteren og åkle om sommaren. Eilert Sundt har skildra åklesenga i 1860 åra. Han skriv at under åkle hadde ein eitt par kvitlar, ein over og ein under seg. Kvitanane var som laken, sydde av kvitt og tynt vadmål. Under kvitanane brukte ein så eit grovare

teppe i ull. Det var gjerne iblanda filler eller dei kunne også bruka ei fillerye. Og under der att var "madrassa", dvs. halmen. Åkle låg øverst. Det kunne vera av ulikt slag, alt etter kor god råd folk hadde og om det var gjesteseng, husbondsfolket si seng i stova eller ei seng på lemmen. Ruteåkle var det finaste, men stripeåkle var også til fint bruk.

Fram til midten av 1800 talet var bomull luksusvare for folk flest. Men frå denne tid begynte ein å importera rå bomull og bomullsgarn. Det varte ikkje lenge før folk på våre kantar tok bomull i bruk heime på gardane. Igjen kan me bruka Eilert Sundt som kjelde. Han skreiv i 1860 åra at i Gjesdal var sauehaldet så stort at der vov dei heilull-stoff. I Time og Klepp kjøpte dei tidlegare lin. Frå midten av 1800 talet kjøpte dei bomull som dei vov til halvvullststoff. I Håland prestegjeld (Sola og Madla), der sauehaldet var minst i forhold til arbeidskrafta, vov dei reine bomullstoff, i tillegg til litt vadmal og halvvull<sup>1</sup>.

Me har også opplysningar om bruken av bomull til vevning i Gjesdal. Gabriel Edland skreiv i 1867<sup>2</sup>:

*Eftersom bomuldstøi eller linned er kommet mere og mere i anvendelse til visse klædningstykker, især til kvinder og børn, men også til undertøiklæder for mænd om sommeren, samt sengklæder, såsom dyner, lagen, omhaeng til storstue-sengen (som man på somme steder har travelt med at forfærdige til udstyr for sön eller datter), så kjøber man garn i byen og væver selv tøiet.*

Då Eilert Sundt reiste landet rundt i 1860-åra var skinnfellen framleis mest vanleg som sengtøy i dei norske fjellbygdene. På Vestlandet brukte dei også åkle med ullkvittel under. Langs kysten frå Stavanger til Halden brukte dei fjorddynar<sup>3</sup>. Desse dynene hadde heimevove trekk, dynevar. Likeins vov dei trekk til

putene. Både dynevar, putevar og kvitel finn me i Ragnhild Oftedal sine registreringar frå Gjesdal.

### RUTEÅKLE

Den gjevaste vevnaden i Gjesdal er ruteåkle. Det er store mønstra tepper i mange fargar. Det er ein vevnad i toskaft der innslaget dekker renninga heilt. Mønsterringa går ikkje tvers over veven, men danner geometriske mønster i ulike figurar: store og små ruter, stjerner og firkantar. Det er stor variasjon i mønstringa. Det er berre ein type mønster som ein finn over heile Vestlandet. Det er åkle med åttebladrosa. Rosa har ofte fire mørke og fire lyse blad, som står annankvar. Mellomrommet mellom blada er ofte kvitt og gult og rosa er innramma av ein mørk farge. Dette blir rekna som den eldste typen mønstring og har truleg vore vanleg fram mot 1700 talet. Åttebladrosa går igjen på dei 12 ruteåkleda frå Gjesdal som er vovne som sengetepper. Motiva har ei regelbunden oppbygging, der åttebladrosene er sett inn i eitt fast rammeverk.

Storleiken varierar frå 1,23 cm til 1,57 cm i breidd og frå 1,53 cm til 1,76 cm lange. Dei fleste er vovne av handspunne og plantefarga ullgarn i både renning og innslag.

Det er registrert åkle frå gardane Brekke, Skurve, Berge, Mork, Indre Lima, Kyllingstad, Søyland m.fl.

Det blir fortalt at Rannveig frå Kyllingstad var yrkesvevar. Folk sende bod på henne når dei ville ha vove eit åkle. Det heiter om henne at ho serleg vov store åkle. Når ho hadde ferdig eit åkle tok ho det på ryggen og bar det til Egersund for å få det selt. Det må ha vore Rannveig Olsdotter, fødd 1778 og død 1855. Ho var tenestejente på Søyland i mange år. Eit åkle ho vov på Søyland er 176 cm x 140 cm.


Gitlaug Kyllingstad, f.1786-d. 1881, var også av dei eldste kjende veverane. Ho vov mykje det same



Over: Eli Kjervall har vove dette ruteåkle. Det er delt i to avdi kvar del då kunne høva til å svøpa rundt eit dåpsbarn.



Over t.h.: Døme på nyare rutevev. Det er bomullsrenning og maskinspunne ull i innslaget. Storlek: 1,40 x 1,40 m. Veveren er Jørgine Kyllingstad (1845-1935). Ho budde på ein husmannsplass under Skarsholen på Kyllingstad i Gjesdal.



Til høgre: Ruteåkle vove av Malena Edland frå Indre Lima (1844-1922) sist på 1800-talet. Det er heimespunne og farga ull i både renning og innslag. Storlek: 1,23 x 1,53 m. Gurina Edland, dotter åt Gabriel Edland, hjelpte tiol med vevninga. Ho reiste til Amerika og vart gift der.

mønsteret. Hennar åkle er kjende under nemninga "Gitlaug-åkle".

Ruteåkle blei blant anna brukt til å sveipa rundt dåpsbarn. Då hende det at dei delte eit åkle i to, slik det er gjort med eit av dei registrerte.

#### Nyare rutevevnad

Fem registrerte vevnader er ikkje vovne som sengeteppe. Det er nyare tekstilar laga til borddukar og veggtepper. Dei er alle, sålangt det er opplyst, vovne med bomull i renning og maskinspunne ull til innslag. Berta Tjetland har vove to av dei og laga mønster til det tredje. Ho dreiv med veving som yrke og hadde gått på Jenteskulen på Åsland i Time. Faster hennar var Gitlaug Kyllingstad, åklevevaren. Om Berta blir det fortalt at ho stelte huset for brødrene sine på Tjetland i mange år. Sidan flytta ho til søstera Guri i Klepp. Berta komponerte ofte sjølv dei mønstra ho vov.

#### STRIPE-ÅKLE

Dette er den største gruppa av vevnader, 20 i talet. Ragnhild Oftedal har lite opplysningar om teknikk så denne gruppa rommer nok ulike mønstringsmåtar. Dei fleste åkleda har enkel mønstring med border på einsfarga botn.

Krokbragd er ein vevnad i kypert binding, der innslaget dekkjer renninga. Det er skilnad på fram- og bakside. Denne type mønster på åkle blei også kalla "kjølve-åkle" i Gjesdal avdi mønsteret minna om eit kjevle. I Suldal har desse teppa namnet *krossåkle*.

Krokbragd vart vove på flathev. Dei er sydde saman av to like halvdeler for å få stor nok breidde. Breiddene er frå 50 cm til 65 cm, dvs. at åkleda er frå 100 cm til 132 cm breie. Dei varierar mykje i lengde: frå 1,25 cm til 1,82 cm.

Ragnhild Oftedal har berre registrert eit åkle med krokbragd. Det er vove av Inger Toresdr. Berge g. Oftedal (1801-1866) eller dottera Bertha Aadnesdr. Oftedal g. Gjesdal (1822-1901). Gyda Auestad som var eigar av åkledet i 1965 meinte at innslaget i åkledet måtte vera ei blanding av ull og filler. Dette fordi det var så flyssut i kantane. Det var vanleg å riva opp gamle klesfiller og karda dei saman med ull til nytt garn. (Sjå artikkelen til Ole Kartevoll).

Eit av desse åkleda er vove av Gunhild Arneson f. 1817. Ho vov det til sonen sin, Søren Arneson, då han gifta seg i 1884. Det er vove av handspunne og plantefarga garn, også dette gjort av vevaren. Dei to breiddene er sydde saman av tråd vevaren har spunne av sitt eige hår. Elles er det vanleg at dei er samansydde med ulltråd.

Gunhild Berge, fødd på Ravndal i 1816, død 1904 spenn, plantefarga og vov eit stripeåkle som sidan har gått i arv gjennom tre generasjonar i slekta. Om dette åkle blir det fortalt at raudfargen er frå korkje. Det er ein mose som veks på steinar og berg på Vestlandet. Dei plukka mosen i vått ver og tørka han. Så måtte mosen gjærast i urin før den kunne brukast til farging, skriv Ragnhild Oftedal. Frå andre kjelder veit me at dei på Jæren laga kuler av den gjæra mosen som dei selde som fargestoff. Det gav ein raudfiolett farge som ikkje var serleg fargeekte.

#### SVENSKEVEVING

I heimen til Gitlaug Hadland (f.1864-d. 1912) på garden Hadland i Gjesdal vart det halde eit vekurs ein gong i tida 1886-1889. Ei svensk kvinne var lærar. Den vevemåten ho lærde frå seg blei sidan kalla **svenskeveving**. Det var **ringvend**, ei mønstring i kypertbinding. Det er registrert åtte åkle og ein



Dette åkle i skilbragd blei vove av Gunhild Søyland f. 1881 kring hundreårskiftet. Det har bomullsrenning og ull i innslaget. Storlek: 1,10 x 0,68 m.



Ruteåkle frå Brekko i Gjesdal. Dette er eit av dei eldste registrerte åkleda. Det er vove av bestemor til Ommund Aadneson Brekko (1818-1899), truleg farmora Inger Torgersdotter Kyllingstad (1744-1836). Det er vove av handspunne og plantefarga ullgarn i renning og innslag.



Dette åkle er registrert på garden Ravndal. Vevaren er ukjend. Det har bomulls renning og handspunne ull i innslaget. Storleik: 1,60 x 1,20 m.

åklerest med mønster i ringvend. Eitt par av desse er registrerte som stripeåkle avdi det er vekslande fargar i stripa. Andre har ei veksling mellom stripa i ringvend og einsfarga stripa utan mønster, medan andre igjen er jamnt mønstra i ringvend.


Kurset i Gjesdal i 1880 åra var ikkje første gong det kom svenske vevlærar til Norge. I 1835 blei "Haandbok i Væve-Konsten" av Gustafva F. Beckwall, født Ekenmark, utgjeven i Norge. Boka var oversatt frå svensk. Forfattaren tilhøyrde ein søskensflokk på fem som gav ut vevbøker og heldt vekkurs i både Sverige og Norge. Boka blei trykt i 500 eksemplar og spreidd over heile landet, også til Rogaland. Det blei også halde vekkurs her i fylket. Stavanger Adresseavis fortel 14. februar 1840 at Lovise Marie Ekenmark fra Stockholm skal halda kurs i kunstveving<sup>4</sup>. Dette var kanhende det første, men ikkje det siste kurset svenske vevlærar heldt på våre kantar. Me veit ikkje noko om kva tid dei tok til å halda kurs utover på bygdene. Men i 1880-90 åra heldt dei også kurs i andre bygder rundt i landet.

#### Skilbragd


Dette er ein toskaft vev med ekstra mønstertrådar som ligg dels oppå, dels under veven. Det er registrert fem vevnader med skilbragd, fire åkle og ein del av ein understakk. Det eine åklet er vove i Sirdal og to av dei andre kan også vera vovne der. Men kunsten var også kjend i Gjesdal. Gunhild Søyland f. 1881 har vove eitt kring 1900.

#### DYNEVAR

Det er registrert fem dynevar (dynetrekk). Tre av dei har bomullsrenning, eitt har ull i renninga og eitt har både ull og bomull. Alle har ull i innslaget. Ho skriv ikkje noko om vevteknikken. Dette er dynevar som



Høgjendsvar vove av Gunhild Arneson g. Eide kring 1910. Det har bomull i renninga og ullgarn i innslaget. Storleik: 1 x 0,78 m.



Kvitel frå Ravndal. Ukjend vevare. Renning og innslag av handspunne ullgarn. Storleik: 1,70 x 1,50 m.

blei brukt til å fylla fjørene i. Bolster er det gamle ordet for dynetrekk her i landet. Det er eit engelsk verb som betyr å fylle. Ragnhild Oftedal bruker det ordet i ei registrering. Det er ein rest av eit bolster. Det var ein del av heimanfylgle, utstyret, som Karina Stangeland vov i heimen sin i Sola før ho gifta seg med Aadne Oftedal i 1889. Dei budde sedan på Nedre Oltedal i Gjesdal.

Dette bolsteret har bomull i både renning og innslag. Det illustrerer såleis den skilnaden mellom bygdene på Jæren som Eilert Sundt påpeika i 1860-åra. Det var med andre ord ikkje tilfeldig at Karina vov sengtøy i rein bomull i 1889.

Dei fem dynevara frå Gjesdal er alle einsfarga i botn: blå, lilla og sauebrunt. Dei har brei stripa i ulike raudfargar, rosa, gult, kvitt og litt grønt. Det ser ut til at alle dynevara har saum langs etter midten. Det vil sei at dei er vovne i smale breidder.


#### PUTEVAR (HØYENDSVAR)

Ragnhild Oftedal skriv putevar som namn på denne gruppa vevnader, men kallar kvart enkelt for **høyendsvar**. Høyende er det same som **hynde**. Det var ei flat og lang pute som dei la på ein benk eller eit sete. Det kunne vera inne i hus og i køyretøy. Fire av registrerte putevara er frå 0,9 til 1,1m lange og frå 0,5 til 0,78 m breie. Det siste høyendsvar er omlag 2 m langt og 0,77 m breidt.

Tre av fire har bomullsrenning og ull innslag, medan ei er i heil ull. Dei er alle stripete på einsfarga botn.

#### KVITEL

Kvitelen var eit ullteppe brukta i senga. Ordet kvitel burde enno vera kjend for mange. Det er bare registrert ein kvitel. Den er frå Ravndal. Den er 1,70 m x 1,50 m, sauebrun med stripa i brunt og raudt langs kantane.



Høgjendsvar frå garden Øygard i Gjesdal. Det er vove med bomull i renninga og handspunne og plantefarga ull i innslaget. Storleik: ca. 2 m x 1,44 m.  
Vevaren er ukjend.



Dynetrekkt frå Steinskog, vove av Maria Steinskog, fødd Nordland. Det er vove sist på 1800-talet. Det har renning av bomull og innslag av enkel ulltråd. Storleik: 1,80 m langt. Bilete syner berre ein liten del av dynetrekket.

### Avslutning

Det er verdfullt at Ragnhild Oftedal spora opp og fotograferte desse vevnadene. Verdien ligg ikkje minst i at ho fekk namna på mange av dei kvinnene som var flinke vevare i bygda. Men me kunne ønskja oss meir tekniske opplysningar om dei. Det er enno mykje

kunnskap som kan "lesast" ut vevnaden, t.d. ønskjer me å vita meir om vevreiskapen. Er det oppleggskant på åkle? Det kan gje svar på kva type vevstol åkle er laga på. Det er å vona at denne presentasjonen kan inspirera nokon til å spora opp meir kunnskap om vaving i Gjesdal.

### KJELDER OG LITTERATUR:

- <sup>1</sup> Eilert Sundt: Om Husfliden i Norge, Oslo/Gjøvik 1975:146.
- <sup>2</sup> Eilert Sundt: Om Husfliden i Norge, Oslo/Gjøvik 1975:152.

<sup>3</sup> Eilert Sundt: Om Renlighed-Stellet i Norge, Oslo/Gjøvik 1975:244.

<sup>4</sup> Jan Hendrich Lexow: Veveriet på Stranden, s. 69 i Stavanger Museums årerbok 1986.